
Fra: Monica Thomassen Waage <rektor@skodvinskule.no>
Sendt: tirsdag 21. november 2017 07:51
Til: Dina Merete Kallestad Dyrhovden
Emne: Re: Spørsmål til FAU frå Kommunalt foreldreutval - måltid

Hei Dina

Har snakka med Fau og her er deira svar.

1) Vi har måltid på skulen kvar dag. Det er smøremåltid med brød/knekkebrød og pålegg. Elevane får óg havregryn med mjølk, noko som er veldig populært.

Ein til to gonger i veka er det varm lunsj. Vi har og skulefrukt, som elevane får kvar dag. (denne et dei i klasserommet når dei treng litt påfyll i løpet av dagen)

Elevane i 1.-4.klasse et saman og elevane i 5.-7.klasse et saman. Vi har "kantine". Dei yngste elevane har lenger tid til å ete enn dei store. (20min/15 min)

Det er sosialt å ete saman, men av og til les vi høgt til dei medan dei et. 5.-7.klasse er med å rydder opp etter måltidet. 1.-4.klasse er av og til med og lagar til.

2) Foreldra er svært nøgde med at elevane får mat og får ete i eit felleskap på skulen og tykkjer dette er ei god løysing.

Frå Fau - Skodvin Montessoriskule

Med venleg helsing

Monica Thomassen Waage
rektor



Telefon: 450 60 136

Mobil: 92018131

E-post: rektor@skodvinskule.no

2017-11-20 13:02 GMT+01:00 Dina Merete Kallestad Dyrhovden
<Dina.Dyrhovden@lindas.kommune.no>:

Hei alle.

På vegne av Kommunalt foreldreutval (KFU):

Bed om at vedlagt spørsmål vert sendt til og handsama i FAU ved dykkar skule.

Med helsing



Dina Dyrhovden

Rådgjevar for oppvekst

Telefon 56375156/95169810

e-post: dina.dyrhovden@lindas.kommune.no